



Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmesteren for Svalbard

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering.
Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 09.12.2025
Vår ref: 24/06041-26
Deres ref:

POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST post@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Høyring av søknad om driftskonsesjon for Kleivhamar i Kviteseid kommune. Søkjar: Kari Straand (enkeltpersonføretak)

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) har motteke søknad om driftskonsesjon etter minerallova § 43. Ein driftskonsesjon fastset blant anna korleis mineralførekomsten skal takast ut, korleis uttaksområdet skal sikrast under og etter enda drift, og andre forhold som må takast hand om under drifta. Driftsplanen for uttaket er ein del av høyringsdokumenta.

For at søknaden skal bli så godt opplyst som mogleg, sender vi saka på høyring, jf. forvaltningslova § 17. Heile eller delar av høyringsfråsegna kan bli refererte i vedtaket om driftskonsesjon.

Tildeling av driftskonsesjon erstattar ikkje krav om andre løyve, godkjenning, arealavklaring eller konsesjon etter anna lovgiving. Vi presiserer at det er kommunen som bestemmer arealbruken i medhald av plan- og bygningslova. Fråsegner knytt til dei arealdisponeringane kommunen har vedteke, legg vi derfor ikkje vekt på i vurderinga vår.

Høyringsfrist: 20. januar 2026

Høyringsdokumenta er tilgjengeleg på [Saker til høyring | Direktoratet for Mineralforvaltning \(dirmin.no\)](#).

Høyringsfråsegnene skal sendast til e-post: post@dirmin.no eller med ordinær post: Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard, Ladebekken 50, 7066 Trondheim.

Samandrag av søknaden

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) har motteke søknad om driftskonsesjon etter minerallova § 43 frå Kari Straand (enkeltpersonføretak) med org.nr. 919 906 715, for uttak på del av gbnr. 15/2 og 15/4 i Kviteseid kommune. Arealet det er søkt om er på ca. 23 daa og kjem fram av kart som er ein del av høyringsvedlegga. Det er anslått eit årleg uttak av byggjeråstoff på om lag 10-12 000 m³ og totalt uttak på om lag 230 000 m³. Området er regulert til område for steinbrot i reguleringsplan for «Massetak Kleivhamar» vedteke 26. mai 2005.



Det har tidlegare vore drift i uttaksområdet. Tiltaket det er søkt om er ei vidareføring av denne drifta.

Kva vurderer DMF i samband med søknaden?

Føremålet med minerallova er å fremja og sikra samfunnsmessig forsvarleg forvaltning og bruk av mineralressursane i samsvar med prinsippet om ei berekraftig utvikling. Alle uttak av mineralske ressursar større enn totalt 10 000 m³ er konsesjonspliktige.

Konsesjonssøknaden blir avgjort etter ei skjønnsmessig vurdering der DMF, i tillegg til lovkravet om bergfagleg forsvarleg drift, også vurderer tiltaket sin:

- betydning for verdiskaping og næringsutvikling
- innverknad på naturgrunnlaget for samisk kultur, næringsliv og samfunnsliv
- innverknad på omgivnadene og nærliggjande område under drift
- miljømessige konsekvensar
- kva planar som ligg føre for etterbruk eller tilbakeføring av området

Forventingar til høyringsfråsegnene

Private interessentar kan komma med innspel til relevante forhold som bør takast omsyn til i den aktuelle saka. Offentlege etatar blir bedne om å ut frå eigne ansvarsområde vurdere om det er forhold som tilseier at driftskonsesjon ikkje bør innvilgast, eventuelt om det bør stillast vilkår om mildnande tiltak. Dersom det er forhold som ikkje er tilstrekkeleg klargjort i søknaden ber vi om opplysningar om dette.

Vi viser for følgjande omsyn, vår gjennomgåing av kunnskapsgrunnlaget så langt:

Kunnskapsgrunnlag etter naturmangfaldlova, sjå høyringsvedlegget side 13-29.

Naturmangfaldlova § 7 pålegg alle styresmaktinstansar som tek avgjerder som har verknader for naturen å vurdere planlagde tiltak opp mot prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12.

DMF har gjennomført søk i økologisk grunnkart, naturbase og artsdatabanken 5. desember 2025. DMF gjer høyringsinstansane merksame på at reguleringsplanen er frå 2005, og at fleire av funna nemnde nedanfor er registrerte i ettertid. Vi har fått følgjande treff av betydning for vurderingane etter naturmangfaldlova:

Raudlista artar:

- Storskarv (NT) – art av nasjonal forvaltningsinteresse
- Knuskkjukemøll (VU) – art av nasjonal forvaltningsinteresse
- Gråmåke (VU)
- Skogjamne (VU) – art av nasjonal forvaltningsinteresse
- Grønnfink (VU)

Framandartar:

- Rynkerose (SE) – art av nasjonal forvaltningsinteresse
- Hagelupin (SE) - art av nasjonal forvaltningsinteresse

Andre artar av nasjonal forvaltningsinteresse:

- Fiskemåke



Med unntak av rynkerose er artar av nasjonal forvaltningsinteresse eit godt stykke unna uttaksområdet.

Naturtypar sør-aust for uttaket:

- Naturbeitemark – Låg kvalitet og moderat kvalitet
- Fastmarkssystem – Intermediær eng
- Fastmarkssystem – Kalkfattig eng med klart hevdpreg

Det er også treff på nøkkelbiotop eit stykke nord-aust for uttaket.

Vassførekomstar og drikkevasskjelder, sjå høyringsvedlegget side 30-34.

Vassforskrifta gir rammene for fastsetjing av miljømål som skal sikra ein mest mogleg heilskapleg vern og berekraftig bruk av vassførekomstane (§ 1).

Det omsøkte konsesjonsområdet ligg i nærleiken til Nisser (vassførekomst-ID 019-1267-L). Miljøtilstanden i vassførekomsten er vurdert til å vera god, og miljømålet for vassførekomsten er god. Påverknadsfaktorar er punktutslepp frå reinseanlegg (liten grad), sur nedbør (liten rad), dammar og barrierar for vasskraft (liten grad).

Det omsøkte konsesjonsområdet ligg også i nærleiken til Nisser bekkefelt (vassførekomst-ID 019-554-R). Miljøtilstanden i vassførekomsten er vurdert til å vera god, og miljømålet for vassførekomsten er svært god. Påverknadsfaktorar er sur nedbør (liten grad), avrenning frå skogbruk (liten grad) og hydrologiske endringar på grunn av vassføringsendring – vasskraft (liten grad).

NGUs kart over nasjonal grunnvassdatabase (GRANADA) viser at den næraste fjellbrønnen ligg omtrentleg 750 meter nord for eit sentralt punkt i omsøkt konsesjonsområde. Brukstypen er registrert som vassforsyning og bruken til hytte/fritidsbustad.

Andre varsemdsområder, sjå høyringsvedlegget side 35-40.

- Varsemdsgrada for radon i uttaksområdet er moderat til låg.
- Det er registrert varsemdsområde for flaum i del av og langs uttaksområdet.
- Omsøkt konsesjonsområde ligg i nærheita til varsemdsområde for jord- og flaumskred.
- Omsøkt konsesjonsområde er omfatta av varsemdsområde for snøskred.
- Distribusjonsnett tilhøyrande Vest-Telemark Kraftlag AS går aust for uttaket.
- Uttaket har avkøyring til Rv. 41 (Kviteseidvegen).

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no.



Med helsing

Lene Johaug Karlsen
overingeniør

Kristin Sandberg Valderaune
rådgiver

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer.

Saksbehandler: Kristin Sandberg Valderaune

Mottakere:

Statsforvalteren i Vestfold og Telemark
Norges vassdrags- og energidirektorat Region sør
Telemark fylkeskommune
Kviteseid kommune
Mattilsynet
Statens vegvesen
Statnett SF
Vest-Telemark Kraftlag AS

Kopi til:

Private mottakere i blindkopi
Kari Straand (enkeltpersonforetak)